

**Sakshandsamar:**

Merete Farstad

E-post: Merete.Farstad@sfj.no

Tlf.: 57 65 62 67

**Vår ref.**

Sak nr.: 14/5815-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

30118/14

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 25.09.2014

Til høringsadressater

## Framlegg til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion- høyring og offentleg ettersyn

***Vassregionmynda for Sogn og Fjordane vassregion sender på høyring framlegg til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion med eit tilhøyrande tiltaksprogram. Høyringsperioden er 1. oktober til 31. mars 2015.***

Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmynde for Sogn og Fjordane vassregion. Planprosessen er gjennomført av vassregionmynda i samarbeid med vassregionutvalet for Sogn og Fjordane. Kommunane, fylkesmenn og regionale sektorstyresmaktar deltek i vassregionutvalet.

### Om planen

Regional plan for vassforvaltnings skal verne om vassressursane våre og fremme berekraftig bruk av vassdrag, kystvatnet og grunnvatnet. Målet er å sikre ei heilskapleg forvaltning av vassressursane.

Vår vassdrags og kystnatur er av viktig for verdiskaping, næringsutvikling, folkehelse, rekreasjon og naturmangfald. Framlegg til planen tek føre seg korleis vassregionen meiner målet om ei berekraftig forvaltning av vassressursane våre skal bli nådd.

Framlegg til regional plan gir ein miljøstatus for vassressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap. Kunnskapsgrunnlaget, status og tilstand for alle vassførekomstane i regionen kjem fram i databasen Vann-nett (<http://www.vann-nett.no>, <http://www.vann-nett.no/saksbehandler>)

Planen føreslær miljømål for elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn og legg føringar for når miljømåla skal vere nådd, anten i planperioden 2016-2021, i neste planperiode 2022-2027 eller i siste planperiode 2028-2033. Unntak frå å nå miljømåla i planperioden 2016-2021 må grunnjevast i samsvar med vassforskrifta.

Tiltak for å nå miljømåla er føreslege. Statlege etatar, kommunar og fylkeskommunar er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka for å nå miljømåla innanfor sine ansvarsområde. Tiltaka som skal gjennomførast i planperioden 2016 – 2021 må vere operative innan utgangen av 2018. Gjennomførte tiltak for å nå miljømåla skal meldast inn til vassregionmynda i planperioden. Dersom andre tiltak enn dei som står oppført i tiltaksprogrammet vert utført, må dette meldast inn til vassregionmynda. Sektorstyresmaktar har ansvar for å greie ut tiltaka vidare og gjere ei vurdering av kostnadar og nytte. Tiltaksprogrammet er mangelfullt med omsyn til å skissere tiltak for å nå miljømåla samt å gi ein kostnad-nyttevurdering for fleire vassførekomstar. Vi oppmodar ansvarlege sektorstyresmaktar om å supplere tiltaksprogrammet der det er manglar.

Problemkartlegging er føreslege som tiltak for svært mange vassførekomstar. Det er stor trong for å auke kunnskapsgrunnlaget om miljøtilstanden i vatn, før ein tek endeleg stilling til om det må gjennomførast tiltak for å nå miljømålet.

## Høyring

Vassregionmynda for Sogn og Fjordane varslar høyring av **Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021** i mehald av plan- og bygningslova § 8-3 og vassforskrifta § 28. Plandokumentet inneheld 2 deler:

- Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
- Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021

Høyringsdokumenta vert ikkje sendt ut. Dei kan lastast ned frå nettsida

[www.vannportalen.no/sognogfjordane](http://www.vannportalen.no/sognogfjordane).

Grunnlaget for planframlegget er utarbeid av vassområdeutvala og presentert i lokale tiltaksanalyser for vassområda. Meir detaljert informasjon går fram av tiltaksanalysane for vassområda. Dei kan lastast ned frå [www.vannportalen.no/sognogfjordane](http://www.vannportalen.no/sognogfjordane).

Vassforskrifta set krav om 6 månaders høyring.

**Høyringsperioden er sett frå og med 1. oktober 2014 til og med 31. mars 2015.**

## Høyringsmøte og seminar i høyringsperioden

I høyringsperioden vil vassregionmynda arrangere eit seminar om regulerte vassdrag 18. november 2014 på Sogndal Quality Hotel. Påmelding til seminaret vert lagt ut på [www.vannportalen.no/sognogfjordane](http://www.vannportalen.no/sognogfjordane).

I samarbeid med vassområdeutvala vil det bli lagt til rette for lokale høyringsmøte i vassområda. Dato for desse møta er ikkje fastsett enno.

## Høyringsinnspel

Siste frist for å levere inn høyringsinnspel er 31. mars 2015. Vassregionmynda oppmodar statlege etatar om å sende sine innspel tidleg i høyringsperioden, helst innan 31.12.14.

Fylkesutvalet for Sogn og Fjordane oppmodar høyringsinstansane om å vurdere særskilt:

- At alle tiltak er grunngjeve ut frå heimelsgrunnlag og realistiske kostnad/nytte vurderingar.
- At prioritering av tiltak har grundig avveging mellom omsyn til både miljøvinst og realisme for gjennomføring.
- Framlegg til prioritering av regulerte vassdrag til revisjon og høve til lokal medverknad.

Vi er avhengige av gode innspel og kunnskap frå nasjonale – og regionale sektorstyresmakter, kommunar, interesseorganisasjonar, einssilde næringar og innbyggjarane for å lage ein god vassforvaltningsplan. Vi ber difor spesielt om innspel på:

- ✓ Kjennskap til eksisterande kunnskap som ikkje er lagt til grunn i planen.
- ✓ Er framlegget til forvaltningsplan og tiltaksprogram tydeleg på kva som er dei viktigaste utfordringar for vassregionen framover?
- ✓ Miljømål
  - Er miljømåla tydelege ?
  - Er det tydeleg kva for vassførekomstar som får unntak frå miljømålet om god tilstand innan 2021
  - Er planen realistisk i omsyn til tidspunkt for gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla?
  - Er det trong for strengare miljømål i særskilte vassførekomstar og / eller nedbørfelt?
  - Er det framlegg til andre miljømål?
- ✓ Tiltak
  - Kva for tiltak, tema og ev geografiske område bør prioritertast ?
  - Er det framlegg til andre tiltak for å nå miljømåla?
  - Kostnadsutrekningar og nyttevurderingar av tiltak
- ✓ Er det samsvar mellom føreslegne miljømål og tiltak?
- ✓ Kva for nye eller betre verkemidlar er det bruk for?
- ✓ Er det konsekvensar i planforslaget som ikkje er kome med?
- ✓ Er det samsvar med dei føreslegne prioriteringar og øvrige samfunnsformål?
- ✓ Gir framlegget til plan eit godt grunnlag for prioriteringar for kommunane og sektorstyresmakter?
- ✓ Er det tydeleg korleis plandokumentet vert brukt vidare i forvaltning av vatnet?

**Send høringsuttalene til**

Vassregionmynda for Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger  
e-post [Postmottak.Sentraladm@sfj.no](mailto:Postmottak.Sentraladm@sfj.no).

Merk uttalene med «Fråsegn til regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion»

**Vedtak av regional plan**

Planen vil bli vedteke respektive i Fylkesting i planområdet i 2015. Etter dette vil den regionale planen bli sendt inn for godkjenning gjennom Kongeleg resolusjon. Tiltaksprogrammet vert vedteke av Fylkestinga.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff  
fylkesdirektør

Merete Farstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg: Adresseliste